

Tysnes kommune
Landbruk og teknisk etat
Rådhuset
5685 Uggdal

Ref.:
14/178-133 2032/15 587

Vår ref.:
15/500-2 363
(14/1678-(4))

Dato:
21. mai 2015

Tri vegnamnsaker i Tysnes kommune. Tilrådde skrivemåtar.

Me syner til eit brev som Tysnes kommune skreiv til Stadnamntenesta på Vestlandet 30. mars i år.

Så langt me kan sjå, er *Neshamnvegen* og *Hopsundvegen* tilrådelege som offisielle adressenamnformer. (Me har i eit tidlegare brev til Tysnes kommune tilrådd skrivemåten *Nordra Hopsundet.*) (Jf. med SSR-forma *Hopneset.*)

I SSR er namnet på gnr. 103 i Tysnes kommune registrert med skrivemåten *Skiparvik* som godkjend form. Den munnlege gardsnamnforma som er førd opp på side 172 i band XI i bokverket *Norske Gaardnavne*, er *utan r* i mellomleddet. Hovudleddet er registrert med bunden form (*-vikjó*). Namnet på sjølve vika ligg i SSR inne med skrivemåten *Skiparvika* som godkjend form. Det bør gjennomførast namnesak for dette namnet brukt både som naturnamn og gardsnamn. Me tilrår førebels at den offisielle skrivemåten blir fastsett til *Skipavika* i begge funksjonane og at det avleidde vegnamnet blir skriva *Skipavikvegen*.

Me minner om at kommunen er plikta til å gi Kartverket orientering om fastsette adressenamnformer. (Det aktuelle rapporteringsskjemaet for adressenamnsaker finst

på nettadressa <http://www.kartverket.no/Eiendom-og-areal/Matrikkelen/Adresser/Kommunen-som-adressemyndighet/adresseveilederen/> .)

Med helsing frå

Oddvar Nes

Oddvar Nes
stadnamnkonsulent

Kjell Erik Steinbru

Kjell Erik Steinbru
rådgjevar / sekretær

Kopi til: Kartverket Bergen, 3507 Hønefoss